

# DET FØRSTE ELEKTRISKE LJOSET PÅ BRYNE

Eller soga om ein avgloymd føregangsmann i Jærindustrien

EINAR LEA



"Frå Lyngbakken upp mot Geidahodnet i 1880 åra", er teksten på dette gamle fotografiet frå Bryne.

I 1878, same året som Jærbana og Thime stasjon vart opna, kom ein ung Høylandsbu og slo seg ned på den staden som seinare utvikla seg til tettstaden Bryne. Det var den 23 år gamle Martin Ø. Vagle frå Vagle i Høyland. Her bygde han seg først eit lite hus med smie i første høgda og bustad i andre, og han var såleis ein av dei aller første som etablerte næringsverksemder i den nye stasjonsbyen. Dei første åra dreiv han mest reparasjon av landbruksmaskinar og reiskap for bøndene omkring. Etter kvart utvikla han og eigne produkt. "M. Vagle Mek. Verksted" vart eit av dei viktigaste industriføretaka på Bryne. Verksemda blei vidareført av "Bryne Mek. Verksted" som kan takka Martin Vagle for at dei i dag er den industribedrifta på Bryne som kan føra historia lengst tilbake. Martin Ø. Vagle lyt såleis reknast mellom industripionerane på Jæren. Men at han og var den første som tok i bruk elektrisk ljós i Time, allereie i januar 1905 - 10 år før opninga av Fotland kraftstasjon, synest gløymd av dei fleste.

I 1878, same året som Jærbana og Thime stasjon vart opna, kom det ein ung Høylandbu og slo seg ned i det som seinare utvikla seg til tettstaden Bryne. Det var den 23 år gamle Martin Ø. Vagle frå Vagle i Høyland. Han var son til Ane Nikoline (f. Kverneland) og Østen T. Vagle. Østen var bonde og smed på Vagle og han var svoger til den kjende smeden på Kverneland, Gabriel Olsen Kverneland. Martin var difor syskenbarn til O.G. Kverneland, grunnleggjaren av Kvernelands Fabrikk AS, og dei to var fødde i samet året 1854.

Om Martin kan ein seia at han hadde ei god læretid bak seg då han kom til Bryne. Eldste bror hans, Tore Ø. Vagle, bygde rundt 1870 ein verkstad på Vagle og produserte der dei neste 20-25 åra ei mengd ulike ting frå enkle småreidskap til meir kompliserte reidskap

som på den tid tok til å få innpass i landbruket på Jæren. Særlig kjend vart Tore for hakkmaskinane sine. Martin var med bror sin i oppstarten og dei neste åra, og den eldre broren har sikkert vore ein god lærmeister. Begge brødrene vart seinare kjende for å vera dyktige smedar og mekanikarar. (Verkstaden til Tore Vagle står ennå på Vagle. Han vart i 1976 vernevølt av Høyland Bygdemuseum.)

Då Martin i 1878 tok den framsynte avgjerda om å slå seg ned på Bryne, var nok den nyopna jernbana ein hovudgrunn for val av plass, men ein skal heller ikkje gløyma vassrettar i Bryne-åa som vi seinare skal koma tilbake til. Martin hadde spara seg opp pengar og kunne kjøpa seg tomt då han kom til Bryne. Han bygde seg eit lite hus med smie i første høgda og bustad i




Brurebilete av Martin Ø. Vagle og Berta Elisabet Øksnevad, gifte 1880.

andre. I byrjinga var nok smed M. Vagle, som han kalla seg, mest ei smie for landbruket i Time. Han hadde god greie på maskinar og reidskap som etterkvar kom i bruk rundt om på gardane, og kunne både reparera og gjeva service på slike. Seinare vart den industri som etterkvar vaks opp i Bryne ein viktig oppdragsgjevar for M. Vagle. Han utvikla også eigne produkt som han sette i produksjon. Mellom anna laga han vasspumper (handpumper). Mest kjend vart han kanskje for den sjølverkande pumpa han utvikla, og som vart produsert på Bryne i meir enn 50 år. Den var like enkel som den var genial. Ho trong ikkje nokon energi utanfrå denne pumpa. Ho verka bare når ho stod i rennande vatn (t.d. bekk) Men då kunne ho pressa vatn høgt opp i eit oppsamlingskar. (Sjå teikning).

I 1880 gifte Martin seg med Berta Elisabet Øksnevad, og han flytte like etter smia ut i eit uthus han hadde bygd. Det andre huset vart omgjort til rein bustad. (Dette huset var der M. Våland seinare budde.) På smietaket monterte han ein vindmaskin og fekk på det viset ei billig, men heller upåliteleg drivkraft. Det vart stadig meir å gjera og han hadde nå fleire mann i arbeid. Ein gong i 90-åra måtte han utvida igjen, og kjøpte då grunn ved Bryne-åa, eit lite stykkje unna der han hadde privathuset og smia. Her bygde han ein ny verkstad og laga eit vasshjul, eit såkalla "underfalls-hjul", og fekk på den måten ei meir sikker drivkjelde enn den lunefulle vinden. Det byrja nå å gå godt med M. Vagle Mek. Verksted. Han sel eigne produkt, pumper og anna, samstundes som han har mykje anna arbeid for bedrifter og landbruket i Time. Han skaffa seg og eit anna privathus i denne tida. Eit hus som han leigde ut.

Vi kan sjå litt på det utvalet av produkt som etterkvar kom inn i M. Vagle sitt program. Han laga treskemaskinar, riste- og rensemaskinar, hakk-



Illustrasjon av den sjølverkande pumpa som Martin Ø. Vagle konstruerte.

Kjelde: Stavanger Aftenblad.

maskinar og rotfruktskjærmaskinar. Så laga han ymse slag lannpumper (gjødselvandpumper som han kalla dei), kraner og spreiarar for lann. Hevdafjos og lannkumme hadde teke til å verta meir og meir vanleg på Jæren. Mittinga var på veg ut. Det var då spesielt lannet det var problem med å få ut. Lannkasse og ei lannpumpe vart difor noko av det første i denne

mekaniseringa. Sjølve gjødsla gjekk det lengre før nokon tenkte på maskinar til utkjøring. Greip og hevdakjerre var det vanlege her i mange mange år framover. Men dette med lann kasta M. Vagle seg over, og han hadde mange forskjellige modellar av lannpumper. Best kjent var kanskje dei såkalla "kjædepumper" i førstninga. Dette var pumper der ei lang kjetting med runde medbringarskiver vart dregen gjennom eit langt rør og dermed løfta væska opp. Vagle byrja også med røyrleggjararbeid som ein del av verksemda si.

Så i 1904 hender noko merkeleg. Martin Vagle vert fassinera av dette nye som heiter elektrisitet. Han må ha sett seg godt inni dette, for 3. januar 1905 kunne ein lesa følgjande i Stavanger Aftenblad:

#### "Elektrisk lys i Time"

*Smed M. Vagle paa Time station har i disse dager faaet indlagt elektrisk lys baade i sit verksted og sin privatbolig. Han har i længere tid drevet sin smedje med kraft fra et vandhjul i mølledammen, hvor han disponerer ca. 3 hestekræfter. Nu har det samme vandhjul overtatt ogsaa belysningen, og foreløpig er der i verksted og privatbolig indlagt ialt 17 glødelamper, hvoraf 2 til udvendig belysning. Senere er det tanken at gjøre en forandring med vandhjulet, og saa til høsten at faa indlagt 10 glødelamper til i et andet hus som hr. Vagle leier bort. Anlegget som vistnok er det største i sit slag i Stavanger amt, kommer på 5-600 kroner.*

*Det er udført av elektriker Olof Tranberg, hersteds.*

Når Lars Gaute Jøssang i Årbok for Jærmuseet 1992, i sin interessante artikkel "Time i høgspenn" kjem inn på planlegginga og bygginga av det første E-verket i

M. Vagle, Time pr. Stavanger.

**Halvt lukket model.**  
Patent og N. M. B.

Denne modellen er forsynet med et tætsluttende kapsel over hjulet, saa skvæt fra dette undgaaes.  
Kapselen svinger om tapper parallelle med hjulaksen og fastede i forkanten af skaalen. Naar pumpen er i brug holdes den paa plads af sin egen vægt, og kan altsaa hævelses fremover som vist paa illustrationen uden at løse skruer, naar hjul og kjæde skal rengøres. Ved der til anbragte skruer holdes kapselen paa plads under transport o. l.

*Hjulet og kapselen er saaledes anordnet i forhold til hinanden at kjæden ikke kan falde af hjulet naar pumpen er i brug.*

Vægt med  $2\frac{1}{2}$ " rør, 3 m. langt, ca. 115 kg.  
ca. 95 kg.

M. Vagle, Time.

**Pris med sveiv:**  
2 m.     $2\frac{1}{4}$  m.    3 m.     $3\frac{1}{2}$  m.    4 m.  
 $2\frac{1}{2}$ " rør kr. 65.00 kr. 69.00 kr. 73.00 kr. 77.00 kr. 81.00

Længden regnes fra bunden af fodstykket til udløbet.  
Kan ogsaa leveres med kapsel som paa pumper med trærør, og er prisen da kr. 3.00 lavere end her anført.  
Tillægspriser for svinghjul, snorskive, remskive og sikkerhedskobling findes paa side 4.  
Se beskrivelsen paa side 3 og 4.

• 6 •

M. Vagle, Time pr. Stavanger.

**Lukket model.**  
Patenteret.

Hvor der bruges mekanisk drivkraft paa gjødselvandpumpen blir i almindelighed hastigheden paa kjæden saa stor, at vandet ikke rinder af den medens den passerer hjulet. Der vil da blive endel skvæt fra den, hvis den ikke indkapsles. For at forebygge enhver ubehagelighed hermed er kjæden paa disse pumper ført i et rummelig rør helt ned under dækslet over gjødselvandbronden.

Ogsaa dette rør er forsynet med flytbar hylse, og pumpen faar derved en solid befæstigelse paa dækslet, hvilket er af stor betydning hvor drivkraft anvendes. Den anbefales forsynet med min sikkerhedskobling (se side 4).

*Hjul og kapsel er saaledes anordnet i forhold til hinanden at kjæden ikke kan falde af hjulet naar pumpen er i brug.*

Vægt med  $2\frac{1}{2}$ " rør, 3 m. langt, ca. 115 kg.

M. Vagle, Time.

**Pris med sveiv:**  
2 m.     $2\frac{1}{2}$  m.    3 m.     $3\frac{1}{2}$  m.    4 m.  
 $2\frac{1}{2}$ " rør kr. 73.50 kr. 77.50 kr. 81.50 kr. 85.50 kr. 89.50

Længden regnes fra bunden af fodbøilen til udløbet.  
Tillægspriser for svinghjul, snorskive, remskive og sikkerhedskobling findes paa side 4.  
Se beskrivelsen paa side 3 og 4.

• 7 •

Alle slags landbrugsmaskiner repareres.  
**M. VAGLE.**

Frå "Prisliste over gjødselsvandpumper, kraner og spredere" gjeldande frå 1. jan. 1916.

M. Vagle skriv her bla.: "Til mine pumper anvendes ekstra tykke galv. rør, hjemført af mig spesielt til dette brug... Enkelte dele, som før var af almindelig støbejern og som var utsatt for at slædes istykker, er nu af aduceret jern". Her var berre det beste godt nok.

Time på Fotland, er det tydeleg at han ikkje har visst om M. Vagle og hans innsats med elektrisitet på Bryne.

Fleire år før O.G. Kverneland og andre tok til å sysla med planer om eit eletrisitetsverk i Time, og heile 10 år før dette vart ein realitet, hadde M. Vagle lys i sin verkstad og bustad. For Bryne-buen var det nok ikkje

den heilt store sensasjonen då straumen kom i 1915. Dei hadde då kunna sjå elektrisk ljós på "stasjonen" i 10 år! Og M. Vagle sin verkstad var utan tvil den første industriverksemda på Jæren som fekk elektrisk ljós i sine industrilokale.

Og det gjekk godt for M. Vagle i åra etter 1900.

Verkstaden nedmed Mølledammen vart for liten, og Vagle kjøpte ny grunn på andre sida av jarnvegen. (Der Bryne Mek. Verksted nå ligg.) Han bygde der ny mekanisk verkstad og eit jernstøyperi. Det var nå over 20 mann i arbeid hjå han. I og med at han fekk eige jernstøyperi, kom det nye produkt til. Vi kan nemna ymse slag støypte lannkraner, reinseluke for lannkummar, støypte tak- og fjosvinduer, vaskekomfyrar, feieluker og mykje anna. Han annonsera og med at "Alle slags landbrugsmaskiner repareres". Det er vel rett å seia at M. Vagle med si verksemad var ein av dei som var med å forma den vesle industristaden Bryne dei to siste tiåra av førre århundre og dei to første i dette. Men etter første verdskriga då den store depresjonen sette inn, byrja det å gå dårlegare med

verksemada og i 1922 var det nesten stopp. Martin Vagle, som då var 68 år, selde då fabrikken sin til Hans Hauge, M. Vaaland og Ola Vaaland for kr. 80.000, ein heller høg sum etter forholda den gong. Kan hende ligg det ei lita familietragedie bak det faktum at det einaste barnet Berta Elisabet og Martin fekk, sonen Øystein, valde å reisa til Stavanger og starta mekanisk verkstad der. Seinare emigrerte han til Amerika, gifta seg der og kom aldri attende til heimstaden. Utan tvil har dette vore eit vonbrot for foreldra der dei sat att utan nokon til å taka over etter dei. Men Martin Vagle var den første "industripioneren" på Bryne, og Bryne Mek. Verkstad kan takka han for at dei idag er den industriverksemda på Bryne som kan føra historia lengst tilbake.